

XXX  
Hälkomaustemma

Hälkomaustemma


27. juni

1920

paa

Filjan







XXX  
Hákonarstemma

TORLEIV HANNAAS  
Nynorsk Boksemling

# HÁKONNARSTEMMA

27. JUNI  
1920

PAA



## F I T J A R



Góðu dögri  
verdr sá gramr um borinn,  
er sér getr slíkan sefa;  
hans a'dar  
æ mun vera  
at góðu getit.

Or Hákonarmál.



*Velkomning ifrå skriftstyret!*



Fitjar no.

## Program

- Kl. 11 fm.: Norsk messa ved *A. Fleischer*  
„ 12 „ Rektor *S. Eskeland*: „Haakon den gode og hans livsyrkje“  
„ 3 em: Professor *Torleiv Hannaas*: „Snorie Stu lason“  
„ 4 „ Høgskulestyrar *Knut Markhus*: „Dei gamla og so den nya tid“

Musiklaget ved Stord lærarskule spelar paa stemna.  
Eit songarlag syng.

- Kl. 6 em.: Spelstykke: „Lau: dagskveld til støls“ av Jens Tvedt. Spela av Bondeungdomslaget i Bjørgvin sitt spellag.


### Stemmenemnd:

- Fraa Fitjar ungdomslag: Martin Dahl, Salomon Dahl, Nils Moe, Bertin Ncsbø, Jens Hjelmen.  
Fraa Fitjar maallag: Berje Aarbø, Jens Bakken, L. Raunholm, L. Torland, Anton Tangen.  
Fraa Stord maallag: Jens Hystad, Ola O. Høyland, Per Bjelland, L. Hjelle, Olaf Hanssen, R. Rommetveit.  
Stemnestyrar: Høgskulelærer *A. Liset*.




XXX

# Talarar på Hákonnarstemna.



Sokneprest Fleischer.



Rektor Eskeland.



Professor Hannás.



Folkehøgskulestyrar Markhus.

159486





### Fitjar kring 1800.

(Etter stikk av J. Flintoe. Or Jacob Aals Kongesagaer.)

## SONGAR

### 1.

Gud signe vaart dyre fedraland  
og lat det som hagen bløma!  
Lat lysa din fred fraa fjell til strand  
og vetter fyr vaarsol røma!  
Lat folket som brøder saman bu,  
som kristne det kann seg søma!

Vaart heimland i myrker lenge laag,  
og vannkunna ljuset gøymde.  
Men Gud du i naade til oss saag,  
din kjærleik oss ikkje gløymde:  
du sende ditt ord til Norigs fjell,  
og ljøs yver landet strøymde.

No er det i Noreg atter dag  
med vaarsol og song i skogen.  
Um sædet enn gror paa ymist lag,  
det brydder daa etter ploegen.  
So signe daa Gud det gode saad,  
til groren ein gong vert mogen

*Blix.*

### 2.

Kor fager skal Guds kyrkja staa  
og fyr hans aasyn ynde faa,  
naar alle hjarto samde er  
og i den same tanke slær:  
Aa elska Gud og halda fram  
i broderkjærleik, fred og sam!

Kor usælt, um me ikkje dreg  
i kjærleik fram den beine veg  
og broderleg kvarandre vil  
all hjelp og stydning bjoda til  
med ærleg hug og vilje god,  
som um me fyr Guds andlit stod!



Burt hat og skjendarord og harm!  
De ikkje høver i den barm,  
der Gud i fred og heilag ro  
vil lata si velsigning gro.  
Burt alle ting, som er til skam  
og skade fyr vaart broder-sam.

Giv tanke, tunga, sinn og munn  
daa kunde sky av hjartans grunn  
all list og svik og niddingsvis  
og gjera seg eit paradís  
utav den sæle samnads fred,  
Guds kjærleik ber i hjarto ned!

Min gode Gud! aa giv eg maa  
ved deg mit hjarta helga faa,  
so du kann helgast her i meg,  
til eg der uppe skodar deg,  
der høgt eg syng med engleher:  
Du heilag, heilag, heilag er.

Etter Kingo ved *Blix*.

Guds auga ser daa all vaar daad,  
vaar tanke, hug og dulde raad.  
Dei vonde paa sin løynde veg  
fyr Gud kann ikkje løyna seg.  
Han til dei gode kjærleg ser  
og deim all hjelp og naade ter.

Mi saal, ver difyr ikkje rædd,  
um du vert hata, truga, hædd.  
Den harm, deg verdi gjera maa,  
han skal so snart ei vending faa,  
gakk fram din veg i Herrens fred,  
kva kjem deg heile verdi ved!

### 3.

Med takk i hjarta og hatt i hand  
i tanken eg stend ved di grav,  
du hovding gjæv fraa det harde  
land

langt ute der vest i hav.  
For naar det liver eit Noreg enn  
fraa Stadt til Sulitjelm-nut,  
me takkar fremst utav alle menn  
han Snorre Sturlunga-gut.

Me hadde gløymt baade mor og  
far,  
oss sjølve so hadde me gløymt;  
me hadde gløymt, at me eingong  
var,  
um ikkje du hadde gøymt.  
Me rak ifraa oss vaart ervegull  
og misste det skatt for skatt;  
du sanko det saman i kista full,  
og so du gav oss det att.

Daa Noreg slepte sitt eige ror  
og tapte leidi so reint,  
daa synte du kvar me eingong for  
og den gong stemnade beint.  
Der | Geysir frøste og Hekla

skolv,  
daa vart det ditt heilage kall  
aa loda bord til det nye golv  
i Noregs sjølveigne hall.

Naar her me byggjer i hugheil tru  
og tryggjer heim i vaart land,  
daa er du med ved vaart arbeid, du,  
og stend med peikande hand.  
Og naar her liver eit Noreg enn,  
fraa Kjøl og vester til hav,  
vaar takk, du største av Islands  
menn,  
og atter takk i di grav.

*Sivle*.



4.

Gud signe Norigs land,  
kvar heim kvar dal og strand,  
kvar lund og iid!  
Han lat det aldri døy,  
han verje bygd og øy,  
han verje mann og møy  
til ævleg tid!

Stort arbeid ned er lagt  
til landsens frægd og magt  
fraa tid til tid.  
Det kosta tusund aar  
i kav fraa vaar til vaar,  
i strid so tung og saar,  
fyrr me vart fri.

Men landet dei hev rudt,  
det vil me verja trutt  
til siste stund.  
Vaar elsk og beste agt,  
vaart liv og all vaar magt  
skal vera Norigs vagt  
til siste stund.

Her stig det stort og blaatt  
vaart fagre heimlands slott  
med tind og taarn.  
Og som det ervdest ned  
a!t fagar' led fyr led,  
det byggjast skal i fred  
aat vaare born

*Garborg.*

5.

At far min kunde gjera  
det gilde han hev gjort,  
og fram i livet bera  
so mykje gjævt og stort,  
det var fraa dag til annan  
for meg so god ei stød;  
stor arv det er for mannen  
av godtfolk vera fødd.

Slik kar var aldri funnen,  
so langt som saga veit.  
Og ordet flaug fraa munnen,  
so godt som sverdet beit.  
Du høyrd'n aldri mala  
i klynk um sine kaar.  
Den guten kunde tala  
med skjemt um sine saar.

Han lærde fransmann fikta  
og finna riddarverd  
og engelsmannen dikta  
og hava sjøen kjær.  
Og fremst han stod i lina,  
og rett han stelte den.  
Fraa Skotland til Messina  
han skapte styresmenn.

Min store fader døydde  
— sjaa det me alle maa —  
og arven burt dei øydde,  
men sunnt eg att kann faa.  
Her gjeng eg stundom sliten  
og leitar etter ord!  
Skal tru eg er so liten,  
for det han var so stor?

Men graset gror paa bøen  
og korn paa gamall vis;  
og enno gamle sjøen  
er like fri for is;  
vaar' fjell er like haage  
og lufti like blaa;  
so enno like fjaage  
me fram kann stemna paa.

*Vinje.*



6.

Du gamle saga som stødt er ny  
og frisk som ein jonsok-leik:  
naar hugen vabbar i haustar-dy,  
daa kjem du med vaarsols-kveik.  
Du syner livet i vokster-drag,  
du stydjer og du gjev raad.  
Du provar at enn hev me aukande  
dag  
i verdi til lukka og daad.

Ja saga i bok og saga paa munn  
og saga i jord og stein,  
du manar oss liv paa knausehard  
grunn  
og hold paa dei berre bein.  
Du syner oss sjølv som fram ifraa  
rot  
han voks seg, vaar livsens-streng.  
Du er eit ljøs, ei lykt for vaar fot,  
der vidare fram me gjeng.

Di skal du benkjast som oldemor  
paa sømdaste sess me finn  
Me høyrer med heilag gaum dine  
ord

og gøymer dei i vaart sinn.  
Me veit dine augo vaktar med hug  
kvart stig me i livet gjer.  
Me blotar deg offer av heiders-dug,  
der framgangs-ferdi me fer.

*Sivle.*

7.

Her ser eg fagre fjord og bygder  
som mange gamle kjempor bar,  
med mange slike store dygder,  
at tidt me trur det gudar var.

Dei ord dei til oss hava skrive,  
dei glima som i soli dogg;  
for tanken kvast dei gjekk paa livet  
som mannen sin med harde hogg.

Dei kjærlegt leik og lengtan kjende,  
og aatte denne livsens glød.  
Dei vermde vel, men meir dei  
brende,  
og seig som soli ned i blod.

I myrke villa tidt dei rava,  
men endaa er det sanne ord:  
dei aatte det som du maa hava,  
um eingong du skal verta stor.

Sitt blod som vatnet burt dei øydde,  
med leik sitt hjarta-saar dei saag;  
ja endaa i den stund dei døydde  
paa tunga vit og løgje laag.

Det var som ingen kunde fanga  
og slaa dei endeifram i slag,  
men at til grunnis dei maatte ganga  
som for Guds eige andardrag.  
*Vinje.*





Slaget paa Fitjar. Etter teikning av A. Bloch.

## Haakonnar-maal.

Etter Eyvind Skaldaspelar.

(Umskrivet av Jon Skar. Or „Fraa by og bygd“, 5te aarg. 1874, s. 139—146).

Odin Gud i himmel-salar  
so aat tvo valkyrjor talar:  
„Drag i Midgard inn og kjos  
Yngves son til Valhalls ljøs.  
Peik ut han, som eg vil bera  
heim til Valhall-gjest aa vera.“

Folar fort som fugle-vengjer  
ber deim aat dei Midgards-engjer.  
Daa det stod det Fitjar-slag  
— det søm gjeng att radt i dag.  
Haakons ord til paagang lokkar  
Noregs-mennars faste flokkar.

Fram i slaget kongen stormar;  
nordmanns-fylgjet hans ei dormar:  
Der, som kongen syner veg,  
dane-blod lyt tvaa kvart steg.  
Vreid fram under hjelmen lyner  
han, som dane-modet tyner.

Kongen kastar tunge brynja  
medan sverd um honom syngja.  
Flokken, som ikring han stod,  
varnad um hans hjarteblod.  
Glad fram under hjelmen lyser  
han, som nordmanns elskhug hyser.

Sverdi aat Nordmanna-kongen  
song aat danom daudar-songen.  
Øyi skolv av slag og larm  
omen vaks til ovsterk marm,  
Kongens skjold-vern — fremst so  
stod det.  
— døyptest stoit i manna-blodet.

Sverdi blinkad djupt i saarom,  
blodet blandad seg med baarom.  
Sverd og øksar sendest mot  
viking-flokkens hjarte-rot.  
Nordmenn, danar i ei røra  
laag, med blodet rann i fjøra.



Dane, nordmann blod fekk blanda  
under himlen klaar, gullrandad.  
Blod paa sverd og blod paa skjold  
raudnad yver valens voll.  
Mange fall i sverde-larmen,  
fall med blodet saud i barmen.

Kongen stod med sverd i handi  
skjoldet raudt, med skærd i randi.  
Brynjorna av sverde-strenn  
sunde hekk paa særdé menn.  
Heren hugheilt hadde trui:  
Valhall finst bak Bivrøst-brui.

Studd paa spjotet Gøndul talar  
— medan tap med siger balar.  
Vinden lange haaret riv,  
so i bylgje-drag det driv.  
„Odin til den haage salen  
Haakon hentar heim fraa Valen.“

\*

Kviskrat stilt vart dette ordet,  
— men til konungs-øyra for det:

Kongen:

„Kvifyr snur du kampen so?  
Tente me ei siger daa?“

Gøndul:

„Me det gjorde, at no daude  
danan dylgja dalar aude.  
No, med' sterke kjempor raga,  
me til grøne Aasgard draga,  
segjer Valhall-drotten bod,  
at no raud av kjempe-blod  
Yngves son vil Odin gjesta  
til i Valhall bu og festa.“

Som i storm-vedr lufti sjogar,  
med' dei fer mot himlens bogar,  
sviva fram fyr Odins stol,  
og fyr blod Aas-hanen gol.

Valkyrjorna:

„Yngves son vil Odin gjesta  
til i Valhall bu og festa.“

Odin gud i himmel-salar  
so aat Hermod, Brage talar:  
„De skal gaa mot gjæve drott  
— han ei møtast skal av smaatt —  
den, som Valhall gud vil hysa,  
gudar skal aat Odin lysa.“

Haakon kjemer inn i salen  
med sin raude flokk fraa valen,  
yver blod og saar laag fred  
som fraa Odin kastad ned.

Haakon:

„Leid mot oss mun Odin vera,  
kann me no hans sinne læra.“

Brage:

„No einherjer deg velkomen  
bjoda under glede-ljomen  
gude-drykk i gude-lag,  
aldri lang vert nokon dag.  
Jarle-tvingar — du herinne  
aatte fagre brødr skal finna.“

Haakon:

„Kvar vaar bunad vil me bera,  
dei mot saar oss trygge gjera.  
Den, som stend i ukjendt land,  
fær ei tru paa kvar ein mann.  
Godt, um gudar oss vil tvinga  
daa med eget spjot aa stinga.“

Daa gud Odin helsad kongen  
— blandad smil i talen — songen  
og den heile gudarflokk  
svam i ljøs fraa Odins lokk,  
daa i kvart eit sinn seg senkte:  
— „Haakon guda-hov ei krenkte.“

Harpeljomen skjelv bland husom.  
Ølet skummar kvitt i krusom.  
Loke kryp i kraai inn.  
Ydun byd fram frukti fin.  
Himlen klaar kring jordi kviler:  
— „No kong Haakon mot oss  
smiler.“ —



Stor den stund som maktar bera  
ein, som Haakons verk kann gjera.  
Som i folkelukka glad  
slik skal faa sitt konge-kvad.  
Og um store tider vakna,  
skal dei saart kong Haakon sakna.

Fenris-ulven land kann herja.  
Ingen Haakon finnst til berja,  
Ivyr enn me ein Haakon fær.  
Aud og tom han heimen slær.  
Ætti lenge særd fær bløda,  
fyr ho kann ein Haakon føda.

Store ætter falla daude,  
bygder, byar leggjast aude,  
kalde stormar bryt mot strand,  
vedr-bert ligger folk og land  
sidan Aasgards gudar hentad  
han, som taafengt me skal venta.



Stemnestyrar : Folkehøgskulelærer Andr. Liset.



## Belsing aaf stemmelyden.

Me møter upp til denne stemna med hug og tanke vend imot Noregs minnehall.

Ikkje noko folk lét sine store, ljose minne døy.

Det folk, som vanvyrder si eigi sagatavla eller samhugen med fedra frøge verk, det folk er nasjonalt sjukt — og den folkegrein er daudardømd fær sjukdomen eta seg inn aaf mergen.

Soguminni er kjelda, som folket fær nerk og nøring ifraa — i gode tider — og ikkje mindre i laake tider.

Dei er som ei stjernebraut.

Dei glimar og glitrar — gjerne sterkast naar notti er dimm og døkk.

Dei kveikjer voni i folkesjæli og gjev oss ungdomsfrisk kraft.

Men gløymer me minni — og dei kverv burt, daa sig veikleiken innyver folket, og me eig ingi evna aa halda oss uppe.

Dette hev Noregs saga lært oss, og enno ber me diverre paa opne saar etter denne vanhelsetid, baade i maal og sed, som er vonde og grøda.

Aa føra helsebot til den folkelege magtløysa, kvessa heimahugen, halda sansen varm fyr vaare minne og alt gjævt og gildt norskt, skulde vera vaart maal og merke.

Vaart folk — Noregs folk — hev ifraa sitt tusundaarige liv mange minne, som det hev gøymt paa — og vil gøyma paa — so lenge me er liv laga.

Minnet etter kong Haakon den gode er merket, me idag samlast inn under.

Vaar etter vaar hev graset grodt og haust etter haust hev gras og blom folnad paa Fitjarvollarne.



Tusund vetrar hev faret yver kongsvollen der burté med fok og driv, men namnet etter den hovdingen, som fyr lenge sidan er vorten til mold, det liver endaa og skal liva, so lenge som nordmenn med varmt hjartelag elst upp i Noreg.

Di reinare og sterkare heimakjensla og eldhugen er i folket, di høgare skal hans minne standa.

Karsleg og venelskjen stig han fram fyrr augo vaare

Hans daadrike liv lyser fraa sagatavla.

Minnet skal kvessa vaar eldhug til Noreg og driva oss fram til det maal, den hugstore hovdingen sette fyr gangande aa komande ætter — maalet aa gjera Noreg til eit lukkelegt og sterkt rike.

I Noregs namn i namnet av den kjærleiken, som me alle — kvar paa vaar vis hev til vaart fedraland — helsar me kvarandre :

Velkomne til stemna !

*Vigleik.*





Er so De vil hava  
eit godt bilæte av Dykk,  
so gaa til

## FOTOGRAF KANNELØNNING

LEIRVIK - STORD

Hev De ein eller annan, som De  
ynskjer paa eit større bilæte (bromid)  
so berre send eit fotografi saman  
med tingingi.

Amatørarbeid fær ein att snøgt, godt,  
og billegt.

## Dahls Hotel

Eigar: Christian Dahl

Leirvik, Stord.

Ljose og væne

gjesterom

Nyss grundigt umvølt.

Tenarskapen er vyrk fyr ferdafolket.





**JANSEN & AASEN**  
A/S



**MANUFAKTUR**

**EKVIPERING**

Hattar - Huvor - Slips og Kragar

Alt av Manufaktur,

færdige Klæde og Skoty

fær De best og billegast hjaa oss.

**JANSEN & AASEN** A/S

— LEIRVIK - STORD. —

Telegramadressa : BRØDRENE.

**Brødrene DAHL**

Leirvik - Stord.

Hjaa oss fær ein Kalk, Murstein, Takstein,

Vossaskifer, Takpap, Veggpap, Isolationspap,

eldfri Stein, eldfri Leir, Kloakrøyr, Krubberøyr,

Flisar for golv og veggjer og bakaromnar,

Gips, Platebly, Sotlukor, Jærnbjelkar, Sand,

Cement o m.

❖❖ **KOL.** ❖❖ **KOKS.** ❖❖



Kaup Dykkar b ker  
hjaa \_\_\_\_\_

# STORD BOK- OG PAPIRHANDEL

LEIRVIK - STORD

Utal av \_\_\_\_\_

Nynorsk literatur og Skuleb ker

## L/L Os treskofabrik

postadr. og rikstelefon:  
Heglandsdalen

Lagar alle slag tresko.

V ent skap. Godt v rkje.

Framifr  arbeid. L ge

prisar. Snogg sen-

ding. Bed um

tilbod.



# Kaffistova Folkvang

Leirvik - Stord.

Stova ligg beint upp fraa eimbaatbryggja.

Opi fraa 8 morgon til 10 kveld.

**Billeg og god mat.**

SKRIVEGREIDOR - - BLAD - - TELEFON.

GOD MØTESTAD FOR FERDAFOLK.

*Stova er skipa av maal- og ungdomslag.*

## SUNNHORDLAND

STORD

6 kr. aaret  
3 „ halvaaret  
1.50 „ fjordungaaret

Ðei som hev noko aa lysa hev sterst bate av aa venda seg til „Sunnhordland“, daa tingartalet aukar jamnt, og daa det er mangfoldige heimar ein ikkje naar paa annan maate. Bed um lysingsprisar.

Ting „Sunnhordland“  
paa næraste posthus.

Kjem ut MAANDAG,  
ONSDAG og FREDAG em.



